

Hei, Hallgeir! Les øg eAvis eller ta papiravisa med deg på ferie. Legg inn adressa på Mi Side. [Klikk her](#)

annonse

# – Enormt potensial for Oselvarfestivalen



**Stort potensial:** Kjetil Osablad Grønvigh, her saman med Rune Søvik, meiner at Oselvarfestivalen har utruleg stort potensial. (Foto: Benjamin Søgnen Olsen)

+ Laurdag går Oselvarfestivalen av stabelen i hamna. Kulturkonsulent Kjetil Osablad Grønvigh seier at festivalen veks år for år, og at potensialet er skyhøgt.

annonse

30.08.2017 kl 12:50





Benjamin Søgnen

Olsen

Tlf: 951 82 381

– Oselvarfestivalen er haustens høgdepunkt for Stine Kobbeltvedt og meg. Festivalen veks sakte, men sikkert, år for år, og har eit enormt potensial. Særleg etter at oselvaren hamna på UNESCO-lista. Vi har utruleg mange idear til vidareutvikling av festivalen, men alt til si tid, seier kulturkonsulenten.

#### Å nerda i Oselvarverkstaden

Nytt av året er at arrangøren prøver å knytta området mellom Oselvarverkstaden og Oselvarnaustet tettare saman.

– Det er eit grønt område der som vi vil nytta betre. Vi skal som vanleg ha leikebåtbygging. Det er like kjekt for fedrar som for born. Oselvarverkstaden er open, og eg vil sterkt anbefala dei som ikkje har vore der til å ta ein tur innom. Ein kan få grunnleggjande kunnskap om båtbygging, eller ein kan verkeleg nerda, og få inngående kunnskap om Oselvaren. Om ein har trebåt, kan ein dessutan få tips til vedlikehald, seier Osablad Grønvigh.

#### Natursti i elva

Vidare fortel kulturkonsulenten at dei er blitt utfordra av den nye leiaren i Kystsogevekene, Kjell Magnus Økland, til å få fleire til å nytta båt.

– Kaproinga går av seg sjølv, men vi vil få kvarmannsen til å bruka båt. Stine Kobbeltvedt har difor laga til natursti opp og ned elveosen. Vi stiller med båtar og redningsvestar, slik at folk kan få ta nokre åretak opp og ned i elva.

Elles er programmet slik det plar vera. Offisiell opning skjer ved Berit Osmundsen, dagleg leiar i Oselvarverkstaden. Os Mannskor og Os Durspelsamskipnad syt for musikk, før kaproinga tek til.

– Det er val-år. Vi jobbar med å få alle dei politiske partia til å stilla. Nokre parti har spurt om dei kan få ha stand. Då er svaret at betalinga er at dei stiller i tevlinga. Om nokon prøver å snika til seg ein stand utan å ro, blir dei jaga bort, seier Osablad Grøndigh og smiler.

– Elles er det høve til å utfordra naboen, konkurrerande verksemder eller kven ein vil.

#### Ingen tatovering

Når det kjem til matservering, fortel Osablad Grønvigh at dei har utfordra folk som lager mat til å produsera noko med eit maritimt preg og selja laurdag.

– Oselvaraustet stiller med sine legendariske vaflar. Havnechefen skal laga fiskesuppe, og det blir sal av villsauprodukt, seier Osablad Grønvigh som gler seg stort til laurdag.

Det som er litt keisamt for kulturkonsulenten, er at tatovørane glimrar med sitt fråvær.

– Det er populært å tatovera seg, og tatovørane vi hadde med oss i fjor måtte diverre meldt avbod i år. Vi prøvde, men det gjekk ikkje. Dei kjem nok tilbake til neste år, seier Osablad Grønvigh.

 Tilrå 18

Del

Klikk for å sjå kommentarar (0)

#### HAR DU FÅTT MED DEG DESSE?



Kø etter at semitrailer velta



Front mot front på Søfteland



Utslag på narkotika



Kan ein bli fødd som sosialdemokrat?



& + På oppdrag for Gud



& + Vinnar-brør i Nord

**Os & Fusaposten**

**TIPS OSS!**

Tipstelefon 489 95 310

**Ansvarleg redaktør:**

Jostein Halland

**Opningstider:**

Sentralbord mån-fre 08:00-15:30

Tlf: **56 30 29 50**

[Mi side](#) | [Kundesenter](#) | [Marknad](#)

**Besøksadresse: Fakturaadresse:**

Øyro 31  
Os og Fusaposten  
Postboks 273  
5203 Os

**Kontakt oss:**

[Kundesenteret](#)

[Vaktsjef](#)

© Os og Fusaposten. Eit partipolitisk ubunde lokalblad for Os og Fusa i Hordaland. Avisa kjem ut kvar tysdag og fredag. Alt innhold er opphavsrettleg beskytta. Os og Fusaposten arbeider etter [Ver Varsam-plakatens](#) regler for god presseskikk. [Pressens faglige utvalg](#) / [Redaktørplakaten](#) / [Personvern og informasjonskapslar](#)